

REFERAT FRÅ MØTE I KOORDINERINGSGRUPPA UTVIKLINGSPLANEN

DATO: 01.02.2018

STAD: Skype

NAMN	Stilling	FUNKSJON	TILSTADES	FORFALL
Lena Bjørge Waage	Rådgivar seksjon for samhandling, fagavdelinga	Prosesskoordinator/leiar sekretariatet	x	
Anne Strand Alfredsen Larsen	Strategirådgivar seksjon for helsetenesteutvikling, fagavdelinga	Prosesskoordinator		x
Trine Kvalheim	Kommunikasjonsdirektør	Medlem	x	
Audun Krøvel	Spesialrådgivar teknologi og utvikling, klinikk for drift og eigedom	Medlem	X	
Kari Marie Remø Nesseth	Avdelingssjef tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), klinikk for psykisk helse og rus	Medlem	X	
Manuela Strauss	Avdelingssjef psykisk helsevern barn og unge, klinikk for kvinner barn og unge	Medlem	X	
Inge Lode	Avdelingssjef radiologi Ålesund og Volda, klinikk for diagnostikk	Medlem		X
Hans-Christian Ofstad	Prosjektleiar SNR	Medlem		x
Trine Sperre	Seksjonsleiar budsjett og analyse, økonomiavdelinga	Medlem	X	
Berit Teige	Forskingssjef forskning, innovasjon og utvikling, fagavdelinga	Medlem	X	
Øyvind Eriksen	HR-rådgivar HR-avdelinga	Medlem	X	
Øystein Lian	Seksjonsleiar ortopediske legar Kristiansund, klinikk for kirurgi	Medlem (gjekk ut av gruppa 05.10.17)		
Kristen Rasmussen	Avdelingssjef AMK, luftambulans og pasientreiser, klinikk for akuttbehandling	Medlem	X	
Knut Nautvik	Sjukehuskoordinator Volda	Medlem	X	
Anita Skarshaug Kvendseth	Sjukehuskoordinator Molde	Medlem	X	
Jan Ove Gravdal	Klinikk for medisin	Medlem	X	

AGENDA

- **Status utviklingsplan**
 - Referat frå styringsgruppemøte 9. januar
 - Høyringsinnspel
 - Sjukehusvise møter bygningsmessig utviklingsplan
 - Prosess
- **Innspel frå koordineringsgruppa**
- **Evt**

1. Status utviklingsplan:

- **Referat frå styringsgruppemøte 9. januar**
Gjennomgang av referatet som også ligg på samlesida for utviklingsplanen ([LENKE](#)).

- **Høyringsinnspel**
 - Levert i overkant av 100 innspel. Desse ligg også på samlesida for utviklingsplan under [høyring](#).
 - Hovudtrekk i høyringsinnspela blei gjennomgått (sjå vedlagt slide).
 - Vidare arbeid med høyringsinnspela:
 - Alle innspela er lest, og ein bearbeider og vurderar innspela framover. Hovudtrekka blei først lagt fram munnleg, deretter lagt fram og sortert i Word. Vidare har ein lagt dei inn i excel for å kunne kategorisere på tema. Hovudtrekka i innspela har blitt presentert overfor tillitsvalde og i dialogmøte med kommunane.
 - ROS-analyse:
 - Det blei den 26. januar gjennomført ei ROS-analyse med styringsgruppa inkludert dei fire kommunale representantane. I forkant av analysen blei det gjort ei kartlegging av risikoområda som blei løfta inn i møtet. Områda blei i hovudsak henta frå høyringsinnspela.
 - Prosess vidare:
 - Ein arbeider med å ferdigstille utviklingsplanen med ei arbeidsfordeling mellom medlemmane leiargruppe og sekretariatet for utviklingsplanen.
 - Vidare møteplan er:
 - 6. februar - Styringsgruppemøte
 - 8. februar - Møter med FTV og HTV
 - 12. februar - Drøftingsmøte FTV
 - 14. februar - Publisering styresak
 - 19. februar - Orientering brukarutvalet
 - 20. februar - Orientering Overordna Samhandlingsutval
 - 21. februar - Styremøte i HMR
 - 1. mars – frist oversending av plandokument til HMN
 - Juni 2018 - Regionalt arbeid for samla plan, tentativt utkast klar– HMN vurderer høyring
 - 2018 - Lokalt arbeid med å konkretisere og implementere Utviklingsplanen – viktig her er prosess/involvering og medverknad

- **Sjukehusvise møter bygningsmessige utviklingsplan**

I mandatet for den bygningsmessige planen, inngår heile HMR utan SNR (Lundavang, Kristiansund og Hjelset), og i denne fasen blir det teikna utbyggingsscenarier for sjukehusa i Ålesund og Volda. Møta omhandla derfor i hovudsak sjukehusa i Volda og Ålesund, med ei kort orientering om at prosessar vidare som skal omhandle dei bygga som vi eig sjølve og som ligg utanom sjukehusa (t.d. distriktpspsykiatriske senter, rusinstitusjonar og rehabiliteringsinstitusjonar). [Les meir om korleis møta var organisert her.](#)

 - **Volda sjukehus:** Blei opplevd at det var ein god prosess. Klinikane peika ut fleire fagpersonar til å vere med i ein work-shop i samband med bygningsmessige utviklingsplan. Omlag 50 personer deltok inkludert tillitsvalte og brukarrepresentant. Fekk ein grundig presentasjon av konsulentselskapet Semco og arkitekt frå Nordic og skulle rangere dei ulike scenaria ut frå ulike kriterier. Samstemt anbefaling frå gruppene i Volda om at scenario 3 med eit nytt sengebygg mot nord var det beste.

- **Ålesund sjukehus:** To møte i Ålesund, det første på føremiddagen med deltakarar frå psykisk helse der ein m.a. såg på alternativ med ei mogleg flytting av BUP til bygget for vaksenpsykiatrien.

I møte nr. to deltok tilsette og tillitsvalde, verneombod og brukarrepresentant. Same metode blei brukt som i Volda med ei felles innleiing, før gruppearbeid og oppsummering i plenum. Det blei lagt fram 5 moglege scenarier for diskusjon, og nr. 3 med nybygg mot nord med ny hovudinngang, nybygg mot vest som eit sengebygg i 5 etasjer, og nybygg i øst som inneheld ny operasjonsavdeling. Alternativ nr. 2 var rangert som det nestbeste valet.

- Felles for alle alternativa: Hovudinngang blir flytta til nord, akuttmottak blir utvida med ein korttidspost i midtfløy U1, varemottak flyttast mot aust, dagkirurgi blir utvida inn i eksisterande legevaktareal, bildediagnostikk beheld si plassering, plassering av sengesentral er ikkje avklart, areal for parkeringsbygg er uavklart.

- **Prosess**

Møte i prosjektgruppa for bygningsmessige utviklingsplan var gjennomført i dag, og utkast til planen er eit av tema i styringsgruppa for utviklingsplanen den 6. februar. Elles følgjer den same prosess vidare som verksemdsmessige utviklingsplan ref møteplan over.

2. Innspel frå koordineringsgruppa

- Minner om at ein kan finne informasjon om arbeidet med utviklingsplan og m.a. høyringssvar, møtereferat, nyheitssaker og fleire presentasjonar på www.helse-mr.no/utviklingsplan
- Blei understreka at det framover blir viktig å arbeide vidare med utviklingsplanen og strategi for implementering av planane.
- Bygningsmessige utvikling:
 - Viktig å sette ei tidsmessig plan, slik at det ikkje berre blir ei plan men noko som blir realisert.
 - Det blei også uttrykt uro iht tidsperspektivet bygningsmessige utviklingsplan og ferdigstilling av kollektivknutepunktet (bypakken).

3. Evt

Ingen saker under evt.